



Brødrene Musland Maskin AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Mari Katrine Berg-Arnesen, 5557 2326

## Svar på meldeskjema for knuseverk på Børnes Industriområde

Vi viser til meldeskjema sendt inn 7. juli 2023, der de opplyser om bruk av knuseverk på gnr. 134 bnr. 85 på Børnes. Driftsperiode var oppgitt å vere mellom 11. september og 27. oktober 2023, ein periode på sju veker. Tiltaket er handsama i kommunen, og det er gjeve løyve til tomteplanering på inntil 30 817 m<sup>3</sup> fjellmasse. Det skriv at de ikkje tek imot, mellomlagrar eller behandlar returbetong, returasfalt eller massar frå andre aktørar, og vi legg difor til grunn at er stadeigne massar som vert behandla ved knuseverket.

### Ber om informasjon om vidare aktivitet på området

På bakgrunn av innsendt informasjon reknar vi arbeidet som avslutta. Vi har likevel nokre spørsmål som vi ber de kome med tilbakemelding på.

- Vart arbeidet utført som planlagt, og er de nå ferdige med knuseverksaktiviteten på området?
- Kva er status på vidare knuseverksdrift på området?
- Er det knuste massar lagra på området? Eventuelt kor mykje?
- Ligg det igjen massar som ikkje er knust på området? Eventuelt kor mykje?
- Korleis er massane tenkt omsett?

I løyvet frå kommunen datert 9. mars 2022 vart det sett krav om ein framdriftsplan. Vi ber om at denne vert oversendt.

### Tidspunkt for sprenging

Minner om at sprenging i samband med knusing berre kan gå føre seg mellom kl. 07.00 og 16.00, jf. § 30-8 i forureiningsforskrifta. Naboar skal varslast før sprenging.

Med helsing

Åsmund Skancke Karlsnes  
overingeniør

Mari Katrine Berg-Arnesen  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til: Kvinnherad kommune

Rosendalsvegen 10

5470

ROSENDAL